

Nordfjord sjukehus startar hjartesyvktpoliklinikk

Det er gledeleg å melde om at vi no startar opp hjartesyvktpoliklinikk ved Nordfjord sjukehus. Dette er eit resultat av at vi har faste overlegar og spesialsjukepleiar i hjartesyvkt som kan tilby tett oppfølging av denne pasientgruppa.

Mange av pasientane vil bli rekrutterte frå medisinsk sengepost, men vi vil også vere avhengige av gode vurderingar frå alle legekontora for å få dei rette pasientane tilviste til poliklinikken.

I høve det nye tilbodet ynskjer vi å invitere alle tilsette på legekontor og legevakt til eit felles kveldsmøte onsdag 27. november. Set derfor allereie no av denne kvelden i kalenderen. Invitasjonar blir sendt ut innan kort tid, og vi kan legge til rette for deltaking på Teams, om det er ynskjeleg. Ein representant frå Boehringer-Ingelheim vil delta, og informerer om medikament til bruk ved hjartesyvkt.

Kardiologar og hjartesyvktpleiar vil gje informasjon om sjukdomen, og ulike vurderingar av pasientar med hjartesyvkt. Dette vil vere nyttig kunnskap både for å behandle pasientar sjølve, og til å prioritere kven som bør tilvisast til spesialisthelsetenesta.

Dersom de har pasientar som de har utfordringar med å behandle godt nok, kan de allereie no sende tilvising for behandling.